

nr. 6 - 2012

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

TAR I BRUK NYNORSKSONGAR

Klepp Mållag
har gjeve ut ei brei
samling med nynorske
songar, rim og regler.
Det set barnehagane i
kommunen pris på.

JAKOB OG NEIKOB TJUEN SLÅR TILBAKE



Me møtte Jakob og Neikob for første gong i 2008, no kjem dei karaktersterke figurane tilbake i boka Tjuen slår tilbake. Nokre menneske seier alltid ja til alt, medan andre ofte seier nei, sånn er det også med Jakob og Neikob.

I denne boka opplever Neikob og Jakob at dei finn ein tjuv som er på rømmen, og situasjonen blir ekstra vanskeleg sidan Jakob seier ja til alt tjuen vil gjere.

Med dei sterke og dominerande illustrasjonane eignar boka seg godt for høgtlesing, både for dei minste og dei som er litt eldre. Historia er spanande og dilemmaet med ja og nei gir mange tema til samtalen etter at boka er ferdig. Ei av dei største utfordringane er truleg korleis to så ulike menneske kan vere så gode venner og løyse problem saman. Mange vil nok også humre og le litt av forteljinga om korleis tjuen og Jakob blir forveksla og Neikob som må ordne opp.

Jakob og Neikob er også blitt både barne-tv på NRK Super og app. Kari Stai fekk Kulturdepartementet sin debutantpris for den første boka om Neikob og Jakob.

Judith Sørhus Litlehamar

Av: Kari Stai
Samlaget
2012

PRINSESSENS ROCKEBAND



Det er ikkje alle prinsesser som sit på ei ert. Det er heller ikkje alle prinsesser som er rolege og beskjedne. Tvert i mot, det finst til og med prinsesser som har eige rockeband, det har iallfall Prinsesse Vera.

Prinsesse Vera har bygd seg ein stor scene, men ho treng nokon til å spele med og bestemmer seg for å samle saman sitt gamle rockeband; draken, skjelettet, trollmannen og prinsen. Alle saman vil gjerne vere med, men alle er også redde for at draken, som spelar trommer, skal bli så ivrig at han sprutar flammor og brenn opp dei andre.

Boka er gjennomført, med store og fargerike teikningar der teksten har sin naturlege plass. Detaljane og ikkje minste fargevala gjer at historia og spenninga kjem godt til uttrykk gjennom illustrasjonane.

Dette er ei historie med klåre eventyrtrekk, ikkje minst ved gjentakinga av ei prinsesse Vera som stadig reiser ut for å finne nye venner, og den lukkelege enden på forteljinga.

Det er eit stort pluss at det fylgjer med ein CD med songar frå Prinsessens Rockeband.

Judith Sørhus Litlehamar

Av: Per Gustavsson
Mangschou
2011

TAR I BRUK NYI

**Klepp Mållag tok
initiativ til å lage heftet
Språkglede 4–8 som ein reiskap
for lærarar og førskulelærarar. I
heftet er det samla nynorske rim,
regler og songar som mållaget
meiner er viktige å bruke i skular
og barnehagar landet rundt.**

JUDITH SØRHSUS LITLEHAMAR

Her er alt frå songar som «Fyrste blomen han er komen» og «Tusen plommer» til rim og regler som «Teljeregler», «Årstidene» og «Ord». I alt er det 61 sider med songar, rim og regler.

— Me sette ned ei gruppe som skulle jobbe med dette. To av oss arbeidde dessutan i skulen og hadde tilgang til lærebøker, songbøker og så vidare. Det er sjølsagt mykje anna ein kunne ha teke med, men det er no eit utsnitt, seier Margareth Skrettingland Roba i Klepp Mållag.

— Heftet er sendt ut til alle skulane og barnehagane i kommunen. Målet er at bo rna tidleg skal møte nynorske songar, rim og regler. Me trur det er viktig å fokusere meir på nynorsk enn på dialekt. Mange av lærarane i skulen, til dømes, meiner det er greitt å lese bøker på dialekt, men eg trur det skadar nynorsken, slår Roba fast.

Sørhellet barnehage er ein av barnehagane i Klepp kommune som aktivt brukar heftet. Assisterande styrar,

Lill Iren Sele, meiner det er viktig å ha mykje nynorsk materiale å ta av, sidan dialekta i kommunen ligg tettare opp mot nynorsk enn bokmål.

— Det er viktig at borna møter mykje nynorsk, det blir ofte nok bokmål. Difor er me også medlem i den nynorske bokklubben Blåmann og kjøper inn ein del nynorske bøker.

— Men kva tenkjer de om å bruke nynorsk kontra dialekt? — Her brukar me mykje dialekt.

Dei fleste som jobbar her, er herifrå, og det blir unaturleg for oss å lese til dømes bokmål.

Ho viser til at heftet med nynorske songar, rim og regler blir brukt både i leik for dei minste og i språksamlingar og samlingsstunder for dei eldste.

— Me som jobbar med dei minste, brukar heftet både i leik på golvet og ute på tur.

Også kommunalsjef for skule og barnehage, Trond Roy Pedersen, rosar mållaget og arbeidet dei har lagt ned med songheftet.

— Det er viktig at borna får eit tidleg møte med den nynorske språkdrakta, som dei jo seinare møter igjen i skulen, meiner han og legg til at tilfanget av nynorske tekstar og songar til skule og barnehage gjerne kunne vore større.



NORSKSONGAR

Song:

BJØRNEN KVILER

Nyorsk ved G. Johnsen

Bjørnen kviler, sjå han
smiler i sitt lune hi.
Han er ikkje farleg,
berre me trør varleg.
Men ein kan då,
men ein kan då,
aldri vera trygg!

Rim og regler:

MÅNEN

Haldis Moren Vesaas

Månen er så gul og rund.
Auge har han, nase, munn.
Ingen bein, det kan eg sjå,
Enda kan han stå og gå,
Stå opp, gå ned,
rund og gul.
Pytt, han trillar som eit
hjul!

Ord

Olav H. Hauge

Ord, ord, ord
kling i kor –
med ord
kan du laga
himmel og jord,
fuglar og dyr
og alt som kryr.
Kom, skal me laga
eit eventyr.

Fader Abraham

Fader Abraham har fire søner,
fire søner har fader Abraham.
Og så åt dei litt,
og så drakk dei litt,
og dei mora seg og song:

Høgre arm!

Fader Abraham har fire søner,
fire søner har fader Abraham.
Og så åt dei litt,
og så drakk dei litt,
og dei mora seg og song:

Høgre arm! Venstre arm!

Fader Abraham har fire søner,
fire søner har fader Abraham.
Og så åt dei litt,
og så drakk dei litt,
og dei mora seg og song:

Høgre arm! Venstre arm!

Høgre fot!

Fader Abraham har fire søner,
fire søner har fader Abraham.
Og så åt dei litt, og så drakk dei litt,
og dei mora seg og song:

Høgre arm! Venstre arm!

Høgre fot! Venstre fot!



Songbøker:

Her er nokre dæme på andre bøker
som presenterer nynorske songar,
rim og regler:

Song for deg og meg
Odd Nordstoga
Samlaget

Songboka mi
Jens Graasvoll
Samlaget

Syng sjøl
Geirmund Johnsen
Selja Forlag

Smålåten. Syng og sull for barnet.
Jordmor Marianne Klokset Aspås
Gjemnes Mållag
Boka kan kjøpast på aasentunet.no

Enno så segla ho Magnill
Nordmøre Mållag

Seljord kommune har samla lokale
songar, rim og regler i prosjektet
Språkstimulering i barnehagane.





www.pirion.no



PIT PARION

NÅR DU GÅR PÅ EI BRU

Når du går på ei bru, kan kva som helst henda. Under nokre bruer bur det troll, det veit me godt frå før. Andre bruer kan ta deg med på jakt etter bringebær, på ein flott ferie, eller ut på spanande eventyr.

Ikkje minst kan bruer vera flotte, imponerende og vakre byggverk. Og korleis kan dei vera så sterke at dei kan bera både vogntog og tog på skinner? Dette og mykje anna kan ein læra om i den siste boka til prislønte Erna Osland, med tittelen – nettopp – *Når du går på ei bru*.

Falturiltu – nynorsk barnebokfestival, har i år Ryk og reis! som tema. Reisa er eit gjennomgåande tema i litteraturen til festivaldiktar Ragnar Hovland, og gjennom heile festivalveka (veke 45) på Stord kan ein oppleve reising og bøker i mange ulike former: Hekser reiser på sopelime, og på Sunnhordland museum blir det eigne heksedagar. Anna Romme-tveit Folkestad har nett gjeve ut to nye barnebøker for førskulebarn: *Unni og Gunni malar* og *Unni og Gunni reiser*. I reiseboka kan ein følgja pingvinane Unni og Gunni som reiser på eit flygande teppe både over, under, ved sida av og gjennom saker og ting, i tillegg reiser dei på skrå oppover, på skrå nedover, og heldigvis kjem dei heim igjen til slutt. Mange førskulebarn vil få møta Unni og Gunni

under Falturiltu i år, og me håpar mange andre stader i landet også vil bli kjende med dei trivelege pingvinane som lærer ungane nyttige saker.

Om du bur på ei øy, slik me gjer på Stord, må du gjerne over ei bru for å koma deg ut på reise. Falturiltu har difor gjeve boka *Når du går på ei bru* i gåve til alle barnehagane på Stord, og mange av dei vil arbeida med bruer som tema i haust. Dei teiknar og måler bruer, dei går på turar over store og små bruer, og dei byggjer bruer i ulike materiale, både over bekker og far i nærmiljøet, og litt mindre og lettare modellbruer. Til saman skal dette munna ut i ei stor bruutstilling i Kulturhuset under Falturiltu.

Fagbøker for born er eit viktig og kjærkome supplement til skjønnlitteraturen. Det er kjekt og motiverande å læra om ulike emne gjennom å lesa fagbøker, og det er så mange spennande prosjekt ein kan halda på med ut frå det ein les om i bøkene!

Erna Osland sine fagbøker er i ein eigen klasse, med sitt poetiske språk og gode historier gøymde mellom all kunnskapen, men sjølv sagt finst det mange andre fagbøker som kan brukast som utgangspunkt for utforsking og læring på mange område.

Me i Falturiltu ønskjer å løfta fram all den gode barne- og ungdomslitteraturen på nynorsk, men denne gongen vil me gjerne slå eit ekstra slag for fagboka. Fekk du ikkje no lyst til å byggja ei bru, kanskje?

Hege Myklebust



Hege Myklebust er prosjektleiar for den nynorske barnelitteraturfestivalen Falturiltu

FØLG OSS PÅ FACEBOOK OG TWITTER

Bli tingar og få Pirion i posten 8 gonger i året for kr **235,-**

PiRion-kurs
Les meir på www.pirion.no

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no

PIRION ER STØTTA AV KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, FAGFORBUNDET OG LNK PIRION 6/2012, 13. årgangen — ISSN 1502-3036 Utgivar: Stiftinga Pirion Adresse: Pirion, Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 84, faks 52 79 04 81. Heimeside: www.pirion.no Ansvarleg redaktør: Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84, mob. 97 19 47 88 E-post: pirion@pirion.no Korrektur: Dag Gjerde Formgeving: Salikat design